

Brandal Idrettslag  
v/ Erlend Kvalsvik  
Bakkevegen 8  
6062 Brandal

Hareid Kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid

## **Krav om omregulering mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFA til NFFF**

Grunneigarar og organisasjonar i Brandal ved Peter Josvald Brandal sende brev dagsett 2.11.2014 til Hareid kommune der ein bad om at sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen i Brandal vert omregulert til natur, ferdsel, friluftsliv og fiske: NFFF.

I brevet vert det vist til brev dagsett 10.02.14 der Hareid kommune vart oppmoda om ei slik omregulering. Hareid kommune viser i brev av 9.04.14 til brevet av 10.02.14 og opplyste at merknadene ville verte tekne opp i samband med «ny planstrategi» for perioden 2016-2020.

Den 2.11.2014 viste oppsitarane til § 11-17 i «Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71» og påpeika at kommunen er **lovpålagd å handsame kravet om omregulering.**

Hareid kommune ved Signe Rønnestad Kanstad svarer 28.11.2014 og konkluderer slik:

«Vi må såleis avvente fylkesmannen si handsaming av klagen frå SalMar før Dykkar krav kan takast opp til handsaming.»

Fylkesmannen gjorde endeleg vedtak i klagesaka 02.02.2015:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. Forvaltningslova §34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Hareid kommunes vedtak i FSK sak nr. 48/14.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. Forvaltningslova § 28.»

Det har såleis gått over to månader sidan klagen frå SalMar vart endeleg avvist utan at Hareid kommune har følgd opp saka.

Framlegg til årsmøtevedtak i Brandal Idrettslag 14. april 2015:

**Årsmøtet i Brandal Idrettslag krev at Hareid kommune følgjer lovverket og utan vidare utsetjing handsamar kravet frå grunneigarar og organisasjonar i Brandal om omregulering av sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen til NFFF - slik det kjem fram i brevet dagsett 2. november 2014.**

Leder i Brandal idrettslag



Erlend Kvalsvik